

Vedlegg 2.

<p><b>Planstrategi 2016-2019</b>                  Innspel til høyring av planstrategi Rådmannen si vurdering og forslag til endringar.</p>
--

Merknad nr.1 - datert <b>07.07.16</b>	Avsendar: <b>Fiskreridirektoratet</b>	
<i>Hovudinnhald i merknad</i>	<i>Kommentar frå Rådmannen</i>	<i>Endring i planstrategi</i>
Odda er i ferd med å rullere kommuneplanen og Fiskreridirektoratet ser ikkje at det er behov for andre planar for å ivareta deira interesser i Odda kommune.	Teke til orientering.	Ingen

Merknad nr.2 - datert <b>30.06.16</b>	Avsendar: <b>Odda kommune, folkehelsekoordinator</b>	
<i>Hovudinnhald i merknad</i>	<i>Kommentar frå Rådmannen</i>	<i>Endring i planstrategi</i>
Har fleire innspel til teksten «utviklingstrekk i Odda», herunder reiseliv i Røldal, infrastruktur og folkehelse.  Syner til «kommunale målsettingar» og meiner det må vere større fokus på grøntareal, friareal og tilrettelegging/tilkomst ved planlegging av bustadar.  Vurdering av planar i perioden: <i>«Veldig synd at en ikke kan revidere bustadsosial handlingsplan. Det er stort behov for det, særlig i forbindelse med u utjevne sosiale helseforskjeller, og i forbindelse med flyktningene som har kommet.»</i>	Rådmannen tek innspela til etterretning og justerer teksten.  Teksten «kommunale målsettingar» er henta frå kommuneplanens samfunnsdel, som er vedtatt av kommunestyret. Rådmannen er samd i viktigheita av tema som folkehelsekoordinator tek opp, men kan ikkje endre dei kommunale målsettingane som er vedtekne gjennom samfunnsdelen.  Rådmannen tek dette til orientering. Ressurspersonane innanfor fagfeltet har diverre ikkje kapasitet til å gjere dette arbeidet i perioden.	Justering av tekst under «utviklingstrekk i Odda».

Vedlegg 2.

Merknad nr.3 - datert <b>30.06.16</b>	Avsendar: <b>Fylkesmannen i Hordaland</b>	
<i>Hovudinnhald i merknad</i>	<i>Kommentar frå Rådmannen</i>	<i>Endring i planstrategi</i>
<p>Fylkesmannen presiserer at ein forventar at kommunen får på plass ein juridisk bindande kommuneplan etter gjeldande plan- og bygningslov.</p> <p>Overordna ROS-vurdering er ikkje gjennomført i Odda kommune. Sivilbeskyttelseslova § 14 pålegg kommunen å utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse for uønskte hendingar som kan skje i kommunen. Med utgangspunkt i den skal ein også utarbeide ein beredskapsplan etter lova § 15. Kommunen si plikt til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid er vidare detaljert i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Som ein del av denne plikta skal ein vurdere om det er forhold knytte til samfunns-tryggleik og beredskap som må integrerast i kommunale prosessar og planar etter plan- og bygnings-lova, jf. forskrifta § 3b. Fylkesmannen ventar difor at arbeidet med den lovpålagde ROS-analysen, etter sivilbeskyttelseslova § 14, og beredskapsplanen, etter same lova § 15, vert prioriterte, og at planstrategien skildrar korleis ein skal kome i mål med dette arbeidet.</p> <p>I følgje strategiframlegget er kommunen si oversikt over folkehelsa under utarbeiding: «Når denne er ferdigstilt vil den gje klårare anbefalingar i høve til kva planarbeid som bør prioriterast.» Vi reknar difor med at folkehelseoversikta blir gjort ferdig i god tid før det skal gjerast endeleg vedtak av plan-strategien. Strategien bør minimum kunne vise til kva folkehelseutfordringar kommunen har identifisert, og om det er faktorar i lokalsamfunnet som utgjer ein helserisiko eller kan gi positive effektar på helsetilstanden. Korleis ein vil møte</p>	<p>Teke til etterretning. Arbeidet er i gong, men har blitt forsinka kraftig på grunn av låg bemanning, samt prioritering av andre arealplanar.</p> <p>Eit arbeid vart starta opp i 2014, men prosessen har deretter stoppa opp. Ein har vedteke akseptkriterium for ROS-analysen.</p> <p>Ein ser føre seg å gjennomføre prosessen i 2017. Det vil kunne vere naudsynt å leige inn ekstern kompetanse for å kome i mål med arbeidet. Prosjektet ligg hjå Teknisk sjef i Odda kommune.</p> <p>Ein legg opp til at planstrategien skal opp til politisk handsaming årleg. Ein vurderer såleis at det er viktig å gjere eit grundig arbeid med oversikt over folkehelsa, for så inkorporere funna i planstrategien.</p>	

Vedlegg 2.

<p>utfordringar med låg levealder og aukande sosial ulikskap mellom barn, må vere ein del av strategiarbeidet i kommunen, ikkje berre eit tema som skal avklarast seinare i plan.</p> <p>Nasjonale strategier for eit aktivt friluftsliv har som mål at kommunane i landet kartlegg og verdset lokale friluftsområde innan 2018. Odda kommune har søkt og fått midlar av Hordaland fylkeskommune til slikt arbeid i 2015. Fylkesmannen oppmodar difor til at kartlegging og verdsetting av friluftsliv vert følgt opp og omtalt i den kommunale planstrategien som ein del av kommunen si tiltaksplanlegging.</p>	<p>Dette arbeidet vert gjort som ein del av rullering av kommuneplanens arealdel. Som følge av låg bemanning har Odda kommune ikkje henta ut midlane ein fekk til dette arbeidet.</p>	
---	---	--

<p>Merknad nr.4 - datert <b>19.07.16</b></p>	<p>Avsendar: <b>Hordaland fylkeskommune</b></p>	
<p><i>Hovudinnhald i merknad</i></p>	<p><i>Kommentar frå Rådmannen</i></p>	<p><i>Endring i planstrategi</i></p>
<p>Ser med glede på at Odda kommune ynskjer å vere ein attraktiv samfunnsaktør i høve til regional planlegging.</p> <p>Ynskjer at kommuneplanens arealdel vert rullert.</p>	<p>Arbeidet er i gong, men har blitt forsinka kraftig på grunn av låg bemanning, samt prioritering av andre arealplanar.</p>	

<p>Merknad nr.5 - datert <b>21.07.16</b></p>	<p>Avsendar: <b>Kystverket</b></p>	
<p><i>Hovudinnhald i merknad</i></p>	<p><i>Kommentar frå Rådmannen</i></p>	<p><i>Endring i planstrategi</i></p>
<p>Kommunen må i si arealplanlegging ta høgde for sjøtrafikken sitt arealbehov i farleiene. Det er viktig at kommunen vektlegg sikkerheit og framkomelegheit i farvatnet i kommunal planlegging. Det er òg viktig for det maritime næringslivet å ha tilgong på tilstrekkeleg næringsareal med sjøtilgong. Hamnene spelar ei viktig rolle i effektiv sjøtransport og fungerer som omlastingsterminalar i det samla transportnettet. Tilrettelegging av effektive sambandsveggar mellom næringsområder og hamner har òg innverknad på val av transportløyising.</p>	<p>Teke til orientering.</p>	

Vedlegg 2.

Merknad nr.6 - datert <b>30.06.16</b>		Avsendar: <b>Statens vegvesen</b>	
<i>Hovudinnhald i merknad</i>		<i>Kommentar frå Rådmannen</i>	<i>Endring i planstrategi</i>
<p>Statens vegvesen er nøgde med at det i planstrategien er oppført «Kommunale Målsettingar», der utvikling av Odda by og tettstadene Røldal, Skare og Tyssedal er tillagt høg prioritet.</p> <p>Vi oppmodar i denne samanheng til at det vert lagt planar for å auka tal for syklende, kommunen bør derfor planleggja for eit samanhengande hovudnett for sykkel, mellom anna i Odda sentrum. Det må og arbeidast for god kollektivdekning og gjennomgåande reisekjeder.</p> <p>Odda kommune har i dag planansvar for den del av «Oddapakken» som tar for seg sentrumsløysingane. Vi vil spesielt peike på dei trafikale tilhøva i Røldalsvegen og Eitrheimsvegen ved Egne Hjem. Her er det naudsynt at det vert regulert for å kunne betre tilhøva for gåande og syklende.</p> <p>Trafikktryggleiken må ivaretakast i planlegginga. Det er et overordna mål at det ikkje skal førekomma ulykker med drepte eller hardt skadde i trafikken. Vi støttar forslaget om at trafikksikkerhetsplanen for Odda kommune bør reviderast.</p>		<p>Teke til orientering.</p> <p>Rådmannen er samd i Statens vegvesen sin vurdering av dette. Reguleringsplan for Eitrheimsvegen ved Egne Hjem framstår som spesielt viktig.</p> <p>Teke til orientering.</p>	<p>Utarbeiding av ny reguleringsplan for denne delen av vegen vert teke inn i planstrategien og prioritert.</p>
Merknad nr.7 - datert <b>27.06.16</b>		Avsendar: <b>Vinje kommune</b>	
<i>Hovudinnhald i merknad</i>		<i>Kommentar frå Rådmannen</i>	<i>Endring i planstrategi</i>
<p>Vinje kommune har ingen kommentarar til planstrategien.</p>		<p>Teke til orientering.</p>	

Vedlegg 2.

Merknad nr.7 - datert <b>28.07.16</b>	Avsendar: <b>Odda kommune, byantikvaren</b>	
<i>Hovudinnhald i merknad</i>	<i>Kommentar frå Rådmannen</i>	<i>Endring i planstrategi</i>
<p>Syner til «kommunale målsettingar» og meiner det må vere større fokus på arkitektonisk utforming og omsynssoner for vern.</p> <p>Syner til kommunedelplan for kulturminner og meiner at denne på ingen måte er omfattande. Odda kommune har no motteke midlar til å kunne gjennomføre ein revisjon som vert politisk handsaming.</p> <p>Meiner at revidering av museumsplan for Røldal bygemuseum bør prioriterast høgare.</p>	<p>Teksten «kommunale målsettingar» er henta frå kommuneplanens samfunnsdel, som er vedtatt av kommunestyret. Rådmannen er samd i viktigheita av tema som byantikvaren tek opp, men kan ikkje endre dei kommunale målsettingane som er vedtekne gjennom samfunnsdelen.</p> <p>Rådmannen tek denne nye informasjonen til etterretning og justerer planstrategien.</p> <p>Rådmannen kan ikkje sjå at ein har ressursar til dette i kommunen i perioden, dersom byantikvaren ikkje kan stå for arbeidet.</p>	<p>Kulturminneplanen skal reviderast innan 01.06.2017.</p>

### Konklusjon

Som følge av merknadane er det gjort mindre endringar i planstrategien som vert lagt fram for politisk handsaming.

02.08.2016



Kristian Eide Jensen

Områdeleiar Samfunnsutvikling